

# Haram vidaregåande skule

## ORDENSREGLEMENT

Fastsett med heimel i Opplæringslova (Oppl.) av 17.07.98 nr 61, §§ 2-9 og 3-7.

### DEL A

#### FELLES FOR ALLE VIDAREGÅANDE SKULAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

##### FORMÅL

§ 1 Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, og fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd. Formålet med reglementet er å skape godt samarbeid, god trivsel, respekt og medansvar. Reglementet skal fremme god orden og gode arbeidsvanar og slik legge til rette for god læring. Reglementet forpliktar heile skulesamfunnet.

Reglementet skal omfatte:

- Elevane sine rettar og plikter
- Orden og åtferd
- Tiltak overfor elevar som bryt reglement, og framgangsmåten ved handsaming av slike saker

##### VERKEOMRÅDE

§ 2 Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen under opplæring og, så langt anna ikkje er bestemt, også for vaksenopplæringa sine elevar, lærlingskuleelevar, hospitantar og andre når opplæringa går føre i skulen sin regi.

Reglementet gjeld også ved opplæringsformer og aktivitetar som blir gitt under skulen sitt ansvar og regi utanfor skulen sitt område, så langt dette ikkje er i strid med lokalgitte påbod eller forbod, eller ved ekskursjonar. Reglementet er retningsgivande for vurdering av orden og åtferd. (1)

##### RETTAR

§ 3 Elevane har rett til vidaregåande opplæring jfr. opplæringslova med forskrifter, fylkeskommunale vedtak og gjeldande læreplanar.

§ 4 Eleven har rett til ei opplæring som er tilpassa eleven sine føresetnader, evner og behov. Eleven har derfor rett til og skal delta i:

- Planlegging av opplæringa
  - utforming av periodeplanar
  - tolking og analyse av læreplanmål
  - utforming av læringsmål
  - val og utforming av kriterium for vurdering
  - val av lærestoff i forhold til læreplanane, m.a. rett til sjølv å velje læreverk
  - val av arbeids- og vurderingsformer
- Gjennomføring av opplæringa

- Vurdering av opplæringa
  - sluttresultatet av arbeidet i forhold til læringsmål.
  - prosessen som førte fram til resultatet.

Desse momenta kan vere individuelle for den enkelte elev, felles for ei mindre gruppe eller for større grupper.

Skulen er ansvarleg for å gi elevane dei nødvendige føresetnadene for å kunne delta aktivt i dette arbeidet.

§ 5 Elevane har rett til å få tilbakemelding, oppfølging og rettleiing i forhold til dei mål den enkelte arbeider etter.

§ 6 Det skal gjennomførast førebudde elevsamtalar minst ein gang kvar termin mellom elev og kontaktlærer eller annan lærar.

§ 7 Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar som har innverknad på opplæringa, har elevane rett til rådgiving, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette, m.a. tilgang til sosial- og spesialpedagogisk teneste.

§ 8 Elevane har rett til rådgiving om utdanning og yrkesval.

§ 9 Skulen skal ha eit system som sikrar at det blir vurdert i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa er med på å nå dei måla som er fastsett for eleven eller gruppa. Grunnlaget for vurderinga er læreplanverket sin generelle del og fagspesifikke delar som heile skulesamfunnet er forplikta overfor. Eleven har rett til og skal delta i denne vurderinga.

§ 10 Elevane har rett til og bør ta opp med skulen (faglærer, kontaktlærer, rådgivar, skuleleiinga, evt. gjennom elevtillitsvalte) forhold som ikkje fungerer tilfredsstillande.

§ 11 Elevane har rett og plikt til å danne elevråd og å vere representert i skuleutval, skulemiljøutval og arbeidsmiljøutval. Elevrådsrepresentantar har rett til regelmessige møte med skuleleiinga. (2)

##### PLIKTER

§ 12 Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruks som gjeld.

§ 13 Elevane plikter å delta aktivt i opplæringa i den form den blir avtalt.(3)

§ 14 Eleven skal snarast mogleg ta kontakt med faglærer dersom han/ho ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

§ 15 Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke det arbeidsty og verneutstyr som krevst i læreplan eller som er påbode av arbeidstilsynet, departementet eller skulen.

§ 16 Elevane skal halde seg med nødvendig lærestoff, materiell og utstyr til eige bruk som skulen ikkje held. Pålagt materiell og utstyr eller betaling for dette må ikkje vere i strid med forskrift eller vedtak frå departementet eller fylkeskommunen.(4)

§ 17 Skulen sin eigedom og utstyr skal brukast med omtanke. Hærverk og skade kan føre til erstatningsansvar, jfr. skadeserstatningslova.

§ 18 Elevar som gjennom sitt arbeid, oppdrag eller verv i samband med vidaregåande opplæring blir kjend med spesielle opplysningar, har teieplikt etter forvaltningslova sine reglar § 13 - 13f. Teieplikta gjeld også etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring.

## **DEL B**

### **SÆRSKILDE REGLAR FOR HARAM VIDAREGÅANDE SKULE**

### **ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØET**

#### **§ 19**

a) Alle skal legge vekt på å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø prega av engasjement, aktiv deltaking og gode samarbeidsformer. Alle må vise respekt og medansvar og unngå eller hindre åtferd som har negativ innverknad på arbeids- og læringsmiljøet.

b) Alle må opptre omsynsfullt, realt, høfleg og med respekt overfor kvarandre. Plaging, trugsmål, mobbing, vald eller seksuell trakassering blir ikkje akseptert. Det same gjeld utsegner og handlingar retta mot rase, religion, livssyn eller seksuell legning. Alle partar i skulesamfunnet pliktar å hindre at krenkjande åtferd skjer.

c) Arbeidsvaneane til alle i skulen skal vere prega av ansvar og orden, med punktleig og presist oppmøte til timar og avtalar. Alle skal ha ei påliteleg framferd og åtferd, og skal vise respekt for opplæringa, og det skal vere arbeidsro i timane.

d) Det er viktig for trivselen at det blir halde god orden over heile skulen, og at det er reint og ryddig -

ute og inne. Alle ved skulen har eit individuelt ansvar for at dette blir følgd opp, og at ein tar godt vare på skulen sine bygningar, utstyr og materiell. Alle elvar har plikt til å delta i skulen sine ordningar med ordenselevar og ordensgrupper.

e) Bruk av tobakk er skadeleg. Det er ikkje lov å røyke, snuse eller bruke andre tobakksprodukt i skulen sine bygningar og uteområde, og i lokale som skulen leiger. (5) Skulen sitt utområde er nærare definert, sjå vedlegg.

f) Bruk eller oppbevaring av rusmiddel er forbode på skulen sitt område. Det er og forbode å vere påverka/syne seg rusa i skulebygningar eller på skuleområdet. Det same forbodet gjeld ved tilskipingar utanom skulen, der skulen har ansvar.

g) Mobiltelefonar skal vere avslått i timane, viss ikkje anna er avtalt med faglærer. Ved eksamen, prøver o.l. er all bruk av mobiltelefon forbode.

h) Oppbevaring og bruk av farlege gjenstandar er forbode på skulen sitt område, eller bygningar og område skulen leiger. Det same forbodet gjeld ved tilskipingar og aktivitetar utanom skulen, der skulen har ansvar.

i) Alle ved skulen skal framstå på ein måte som fremjar kontakt og open kommunikasjon. I arbeids- eller læringssituasjonar skal ein ikkje nytte tildekkande påkledning og/eller personlege effektar som er til hinder for kommunikasjon eller gjennomføring av arbeids- eller læringsoppgåver.

j) Elevane skal nytte garderobe- og elevskap til klede og ranslar. Ranslar o.l. skal ikkje settast slik at dei er til hinder for trafikk i gangareal eller heis, tilsette sine arbeidsoppgåver eller branntryggleiken. Arbeidsty, vernesko o.l. skal ikkje nyttast utanom verkstad eller tilknyta garderobar.

k) Ingen kan nytte skulen sitt namn, eller tilhørande nemningar, i oppslag, publikasjonar, på produkt eller ved tilskipingar, utan etter løyve frå skulen.

l) Oppslag frå elevar eller andre ved skulen skal skje på tilvist plass, og vere utforma slik at det tydeleg går fram kven som står bak oppslaget (organisasjon og/eller namn). Oppslag med krenkande eller injurierande innhald er forbode. Oppslag frå andre utanfor skulen, kan berre skje etter løyve frå skulen.

m) Elevane må sjølve ta vare på eigne verdisaker og eignelutar. Pengar o.l. må ikkje leggest att i garderobar. Skulen er ikkje ansvarleg for ting som eleven misser, eller som blir skadde.

n) Bilar, mopedar, motorsyklar og sykklar skal parkerast på parkeringsplassane ved skulen, eventuelt langs vegen, der dei vanlege trafikk-reglane for parkering gjeld. Rektor kan gje dispensasjon innanfor skulen sitt område.

o) Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom skule og heim, og foreldre/føresette.

## **OPPMØTE OG FRÅVÆRE**

### **§ 20**

Fråvære og permisjonar for elevar i vidaregåande opplæring blir handsama i samsvar med Føresegner til Opplæringslova, gjeldande frå 01.08.2006. (6)

a) God læring krev aktiv deltaking. Elevane er av den grunn forplikta til både å møte og å møte presis til opplæringa med mindre det ligg føre avtale med rektor, kontaktlærer eller faglærer om ei anna arbeidsform. (7)

b) All forseintkoming skal registrerast. Gjentatte brot på reglane om forseintkoming, får konsekvensar for karakterane i orden og/eller åtferd.

c) Alt fråvær for elevar skal førast på vitnemål og kompetansebevis. Unntak frå dette er fråvære innanfor nærare oppgitte grunnar, avgrensa til 14 skuledagar i skuleåret. Eleven må levere nødvendig dokumentasjon til kontaktlærer/skulen. (7, 8, 9)

d) Alt fråvære ut over dei 14 skuledagane, skal førast på vitnemål og kompetansebevis. Fråværet skal førast i dagar og enkelttimar.(7)

e) Skulen krev ikkje at gyldig fråvære skal grunngiast eller dokumenterast, dersom ikkje eleven sjølv krev at grunnen til fråværet blir ført på dokumentasjonen. Eleven er da sjølv ansvarleg for å dokumentere grunnen til fråværet.

f) Om ein elev blir sjuk eller av annan tvingande grunn må forlate undervisninga i løpet av skuledagen, skal eleven alltid melde frå til kontaktlærer/faglærer eller administrasjonen/ekspedisjonen.

g) Melding om fråvære bør helst bli gitt til kontaktlærer/skule på første fråværsdag. Etter tre dagar samanhengande fråvære, skal skulen ha melding. Fråværande elevar må pårekne å bli kontakta av kontaktlærer/skulen på første fråværsdag.

h) Dersom elevar forlet opplæringa utan å melde ifrå/gjere avtale om det, eller som i ettertid ikkje kan grunngiast/dokumenterast som nødvendig, eller når fråværet ikkje samsvarar med grunngiinga gitt i søknaden om fri, blir dette sett på som ugyldig

fråvære. Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i Åtferd. (10)

### **§21**

a) Elevane er sjølv ansvarlige for fråværet og for dei konsekvensar fråværet fører med seg, og skal til ei kvar tid kunne gjere greie for eige fråvære. For kvar av dei to terminane skal elevane informerast av den einskilde faglærer om grensa for kor stort fråvære i terminen som kan føre til at det blir vurdert å ikkje sette terminkarakterar og eller standpunkt-karakter. Fråværet blir registrert elektronisk og den enkelte elev kan følgje dette på Internett.

b) Planlagt fråvære skal elevane søke/gi melding om i god tid (helst 3 veker). Det gjeld både det som fell inn under 14-skuledagsregelen, og det som gir fråvære i høve til dokumentasjon og i høve til fag. (7)

c) Elevar som ønskjer/planlegg/har behov for å vere borte frå skulen over lengre tid, bør avklare dette i god tid med skulen ved kontaktlærer, faglærer og skuleleiinga. Elev og føresette skal ha tilbakemelding på eventuelle konsekvensar av fråværet (11), og slik vurdere om moglege konsekvensar påverkar gjennomføringa av permisjonen.

### **§22**

a) Høgt fråvære eller andre særlege grunnar (12) kan medføre at eleven ikkje får termin- og/eller standpunkt-karakter, eller nedsett standpunkt-karakter i orden og/eller åtferd, jfr. føresegner til Oppl. § 4-10 Varsling.

b) Skulen pliktar utan ugrunna opphald å varsle elevar og ev. føresette skriftleg når fare for manglande vurderingsgrunnlag (pga fråvære og/eller særlege grunnar) for termin- og standpunkt-karakter (13) ligg føre. Det same varsel gjeld ved fare for nedsett standpunkt-karakter i orden og/eller åtferd.

c) Skulen kan etter avtale, hjelpe elevar som får mykje fråvære på grunn av langvarig/kronisk sjukdom eller omsorgsansvar, slik at ein unngår tap av opplæring og vurderingsgrunnlag (14).

d) Skulen skal, dersom det er mogleg, ha skriftleg melding frå elevar som sluttar før kurset er fullført. (15)

### **§ 23**

a) Elevane skal følgje reglane for avvikling av eksamenar og prøver. Bruk av ulovelege hjelpemiddel og kommunikasjon med andre i ein prøve-situasjon, blir rekna som fusk. Det same gjeld avskrift av andre sitt arbeid og som blir levert som eige produkt.

b) Dersom ein elev blir tatt i fusk eller forsøk på fusk ved eksamen eller prøver, skal forholdet meldast til eksamensansvarleg eller rektor.

c) Reaksjonen på fusk eller forsøk på fusk kan vere annullering av karakteren på den prøva eller arbeidet det gjeld, og skulen vil reagere med refsingstiltak og merknad i høve til Åtferdskarakteren, (16)

### **ORDEN OG ÅTFERD**

#### **§ 24**

Elevar på Vk2 (Reform 94), skal ha ein felles karakter i orden og åtferd. Elevar på Vg1 og Vg2 (Kunnskapsløftet) skal ha ein karakter i orden og ein karakter i åtferd.

a) Brot på ordensreglementet og/eller reglar og ordningar fastsett med grunnlag i ordensreglementet, kan medføre nedsett karakter i orden og/eller åtferd (jfr. Oppl. sine føreseger, § 4-9). Merknader skal gjerast kjent for eleven.

#### **b) ORDEN**

Ved fastsetting av karakteren i orden tar ein omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats, og til korleis eleven følgjer ordensreglane (17).

Døme på mindre alvorlege brot:

- forseintkoming til timen
- gløyming av skulemateriell
- for sein innlevering av pålagt arbeid

#### **c) ÅTFERD**

Ved fastsetting av karakteren i orden tar ein omsyn til korleis eleven ter seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvaret for tilsynet med elevane. Ein skal særleg leggje vekt på korleis eleven ter seg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn korleis elevane ter seg mot kvarandre på skulevegen og til korleis elevane følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skule (17). Sjå del A av ordensreglementet.

Døme på mindre alvorlege brot:

- røyking, snusing eller bruk av andre tobakksprodukt i skulen sine bygningar eller uteområde
- fråvære utan grunn (ugyldig fråvære)
- eting og drikking i timane
- ulovleg mobiltelefonbruk

Alvorlege brot handsamast særskilt.

Døme kan vere:

- bruk av rusmiddel og synleg rusing
- skadeverk på skulen sitt utstyr/eigedom
- upassande, uhøvisk og skadeleg oppførsel og åtferd overfor medelevar og skulen sine tilsette

- ikkje etterkome pålegg frå skulen sine tilsette
- fusk eller forsøk på fusk ved prøver

### **TILTAK VED BROT PÅ SKULEN SITT ORDENSREGLEMENT**

#### **§ 25**

a) Brot på reglementet vil føre til sanksjonar/reaksjonar mot eleven i form av refsingstiltak, særskilde tiltak og/eller nedsett karakter i orden og/eller nedsett karakter i åtferd.

b) Reaksjonane må stå i eit rimeleg forhold til regelbrotet, og tiltaka må kome så nær regelbrotet i tid som mogeleg. Kollektiv avstraffing er ikkje lov, og fysisk refsing eller annan krekande eller nedverdiggande handlingar skal ikkje finne stad. Skulen kan ikkje nytte andre refsingstiltak enn dei som er heimla i skulen sitt ordensreglement.

c) Refsingstiltak er enkeltvedtak etter forvaltningslova, som kan pålagast til fylkeskommunen si klagemnd (fylkesutvalet). Før de blir gjort vedtak om refsing, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

d) Etterleving av reglar er avhengig av kunnskap om og oppleving av at reglement blir handheva, dvs. at det er konsekvens mellom regelbrot og reaksjon. Det føreset og at elevane på førehand har kjennskap til reglement og med konsekvensar av regelbrot.

e) Refsingstiltak vil vere (18):

- Påtale frå ein av de tilsette ved skulen.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor
- Involvering av heimen/føresette
- Etter avtale med lærar/rektor ha samtalar utanom skuletid om det som har skjedd/er gjort.
- Etter avtale med lærar/rektor utføre pålagde oppgåver utanom skuletid for å rette opp skade påført skulen sin eigedom eller eigendelar, t.d. rydde boss, vaske golv, fjerne tagging
- Nedsetting av orden- og/eller åtferdskarakter
- Beslaglegge ulovlege gjenstandar
- Erstatte skade eller tap
- Utelukking frå læringsgruppe (klasse/gruppe o.l.) for resten av timen etter faglærar si avgjerd.
- Utelukking frå skulen for resten av skuledagen etter avgjerd av rektor.
- Mellombels eller permanent bytte av gruppe
- Melding av straffbare tilhøve til påtalemakta

f) Ved alvorlege brot på skulereglementet, eller dersom eleven ikkje betrar seg etter refsingstiltak, kan særskilde tiltak setjast i verk. (19)

Dette inneber:

- Bortvising av eleven inntil fem dagar
- Bortvising for resten av skuleåret etter vedtak av fylkeskommunen, jf. Opplæringslova § 3-8. Dette kan medføre at eleven i tillegg taper sine elevrettar etter § 3-1 i same lov.
- Tap av retten til vidaregåande opplæring

Bortvising medfører ikkje at eleven fell utanfor ansvaret til oppfølgingstenesta.

Alle tiltak skal dokumenterast skriftleg.

g) I tillegg til refsingstiltak eller særskilde tiltak, kan t.d. følgjande vere ein konsekvens av brot på reglementet:

- Avgrensa tilgang til spesielle aktivitetar ved gjentatte eller alvorlege brot på reglar/retningsliner for slike aktivitetar.
- Ved skade o.l. på skulen eller annan sin eigedom der det er nødvendig med særskilde reinhaldstiltak og/eller reparasjon av skade, vil erstatning bli vurdert (jf. Skadeserstatningslova § 1-2).

h) Brot på reglementet vil bli vurdert ved fastsetting av termin- og standpunktarakterane i orden og/eller åferd.

### § 26

#### SAKSHANDSAMING

a) Før det blir tatt avgjerd om refsingstiltak, skal eleven ha høve til å forklare seg. (20)

b) Ved særskilde tiltak skal rektor først rådføre seg med eleven sine lærarar. Før ein tek i bruk særskilde tiltak, skal skulen først vurdere alternative tiltak, t.d. hjelpetiltak og/eller individuell kontrakt, og rådgjevar eller sosialpedagogisk personale skal ha uttalt seg.

### YMSE TILHØVE

### § 27

#### SÆRSKILTE TILLEGGSGREGLAR FOR SPESIELLE OMRÅDE

For spesielle forhold som ikkje fullt ut blir dekt av skulereglementet eller felles reglar gitt av departementet eller fylkeskommunen, skal/kan skulen utarbeide egne/nærare reglar om t.d.:

- bruk av kantina
- skuleavis, russeavis o.l.
- elektroniske publikasjonar o.l.
- elevråd, skuleidrettslag o.l.
- skule- og/eller skulebasert vurdering
- elevsamtalar


- bruk av spesialrom (bibliotek, laboratorium, datarom, verkstad, kjøkken o.l.)
- prøver, heildagsprøver/større prøver i skuleåret
- bruk/leige av utstyr, rom o.l. ved skulen
- bruk av Internett
- ekskursjonar o.l.
- parkering
- bruk av oppslagstavler
- vernereglar
- garderobe-/elevskap
- rutinar for konflikthandsaming
- ordenselevar og ordensgrupper/-klassar
- læremiddel

### § 28

a) Skulereglement skal ved starten av kvart skuleår bli gjort kjend for elevar og foreldre/føresette. Ein skal kvart skuleår drøfte og vurdere reglementet for å sjå om det trengs endringar eller tillegg. Skuleutvalet gjer endelege vedtak.

b) Elevar og foreldre/føresett (for elevar som er umyndige) skal kvittere på at dei er kjent med skulen sitt reglement.

### Vedtatt av Skuleutvalet 20. desember 2006, Sak SU-02/2006.



Kart over Haram vidaregåande skule.  
Stipulerte liner viser eigedoms-  
grenser/skulen sitt uteområde.

**MERKNADER**

– gir nærare forklaring, utdjupeing og rettleiing.

**Til del A:**

1) Til §2: Reglementet omfattar og skyss til og frå skulen, samt rett bruk av busskort/ferjekort. Alle tilskipingar i skulen sin regi, knytt til russefeiring, elevtilskipingar o.l., kjem og inn under skulen sitt reglement.

2) Til §11. Elevar og elevorganisasjonar kan etter avtale drive politisk og organisasjonsmessig arbeid på skulen i og utanfor skuletida.

3) Til §13. Ekskursjonar (bedriftsbesøk, film, teater, o.s.b.) som er knytte til læreplanen sine mål og er innarbeidde i opplæringsplanen, blir rekna som ein del av opplæringa. Elevar som vel å ikkje delta på ekskursjonar med eigenbetaling, har rett på eit anna pedagogisk opplegg.

4) Til §16. Skulen skal ikkje ha utskifting av lærebøker/materiell utan at det er særskilde grunnar til det, t.d. omfattande revisjonar av eit læreverk/materiell. Læreplanane set ikkje krav til siste modell kalkulatorar. Berre spesielle krav til eksamen gir behov for utskifting. Det er rektor si plikt å samordne bruken av lærebøker ved skulen.

**Til del B:**

5) Til §19, bokstav e. Fylkestingssak T-14/03 "Røykfrie vidaregåande skolar og andre fylkskommunale bygg".

6) Til §20, bokstav e og d, §21, bokstav b. Føresegner til Opplæringslova:

**§ 4-35. Fråvær**

Alt fråvær for elevar skal førast på vitnemål og kompetansebevis. Fråvær skal førast i dagar og enketimar. Rektor kan bestemme om fråvær for den som ikkje er elev i alle fag, skal førast i dagar og timar eller berre i timar.

Årsaka til fråvær kan krevjast ført på dokumentasjonen. Eleven har sjølv ansvaret for å dokumentere årsaka til fråværet. Organisert eller sjølvstendig studiearbeid, mellom anna skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som fråvær.

Rektor kan gi elevar fri frå opplæringa i opptil 14 skoledagar i eit skoleår utan at desse dagane skal førast som fråvær på dokumentasjonen. Det gjeld til dømes fråvær i samband med arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagde oppmøte og fråvær av helse- og velferdsgrunnar. Normalt skal elevar søkje om slik fri frå opplæringa på førehand. Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har innanfor totalramma på 14 skoledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider. Når elevar får løyve til å ta fri, bør skolen leggje til rette for at dei kan gjere ein innsats for å kompensere for det.

7) Til §20, bokstav a: Førebuing og planlegging av Operasjon Dagsverk skal skje innanfor fastlagde rammer i skuletida.

8) Til §20, bokstav c: Under helsegrunnar kjem dokumentert langvarig eller kronisk sjukdom (kronisk sjukdom

treng ikkje vere samanhengande). Nedre grense for dokumentert langvarig sjukdom er sett til 5 skuledagar.

9) Til §20, bokstav c: -Under velferdsgrunnar kjem t.d. fråvære ved fødsel (jfr. melding frå SU M&R 26.06.01)

10) Til §20, bokstav h: jfr. føresegner § 4-9: Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden.

11) Til §21, bokstav c: Eleven er sjølv ansvarleg for å halde seg orientert om eventuelle følgjer av manglande frammøte og deltaking i læringsarbeidet, informasjons-tilgang etc.

12) Til §22, bokstav a: Andre særlege grunnar kan vere fråvære frå vurderingspunkt som heildags- og timesprøver, manglande innlevering av oppgåver, heimearbeid, øvingar og forsøksrapportar, manglande deltaking i framføringar og fellesoppgåver og annullering av karakter pga av fusk/forsøk på fusk.

13) Til §22, bokstav b: Det kan berre vere aktuelt å ikkje sette standpunkt-karakter eller nedsett karakter i orden og/eller åtferd dersom varsling er gitt. Om det er tvil om grunnlaget for å setje karakteri fag er til stades, bør skulen leggje tilhøva til rette slik at eleven får høve til å dokumentere sin kompetanse, eventuelt ved å halde ekstra prøver.

Når ein elev er til stades i ein kroppsøvingstime utan å delta i planlagt eller tilrettelagt aktivitet, blir dette vurdert på same måte som dei ulike slag fråvære ovanfor. Ein slik time blir ikkje rekna som fråvære i høve vitnemålet, men den har likevel ikkje gitt læraren grunnlag for fastsetting av karakter.

Ved vurdering av fråvære og karaktergrunnlag, må det nyttast eit visst skjønn. Men som ei rettleiing for å gi varsel i høve til fråvære, kan ein nytte følgjande ordning:

**1. termin:**

Ved 10 % (15 % for 2-timars fag) fråvære blir eleven varsla munnleg om mogleg fare for sviktande karaktergrunnlag for terminkarakter. Ved 15 % (20 % for 2-timars fag) fråvære blir eleven/føresette varsla skriftleg om fare for sviktande karaktergrunnlag, og at det kan bli det vurdert å nekte termin-/standpunkt-karakter. (13).

**2. termin:**

Ved 10 % (15 % for 2-timars fag) fråvære blir eleven varsla munnleg om mogleg fare for sviktande karaktergrunnlag for standpunkt-karakter. Ved 15 % (20 % for 2-timars fag) fråvære blir eleven/føresette varsla skriftleg om fare for sviktande karaktergrunnlag, og at det kan bli vurdert å nekte standpunkt-karakter.

14) Til §22, bokstav c: Slik hjelp kan vere ekstra opplæring, ekstra prøver og støtte ved sjølvstendig studiearbeid. Fråvære frå ein- og to-timarsprøver, eller heildagsprøver, gir ikkje automatisk rett til ny prøve. Faglærar avgjer, innanfor den tid som er til disposisjon, i kvart tilfelle om karakter-/vurderingsgrunnlaget gjer det nødvendig å halde ny prøve, ev. annan oppgåveform, som gir grunnlag for vurdering og karaktersetting.

15) Til §22, bokstav d: Elevar som er borte frå undervisninga over lengre tid, utan å gi melding til skulen, får skriftleg innkalling til samtale. Dersom eleven ikkje kan

nåast av skulen, vil det bli sendt rekommandert brev med melding om at skulen ser på eleven som slutta, og vil bli overført til oppfølgingstenesta.

**16)** Til §23, bokstav c: Fusk eller forsøk på fusk blir sett på som eit tillitsbrot, og eit brot på gjeldande reglement og krav til eleven si åtferd. I tillegg må takast med at ein elev som har ei åtferd som er forstyrrende for andre kandidatar kan etter åtvaring visast bort frå eksamen av rektor, jfr. føresegner til opplæringslova § 4-26. Vedtak om bortvising skal vere skriftleg grunngjeve og må liggje føre seinast 1 veke etter at bortvisinga har funne stad.

#### **Handsaming av fusk/forsøk på fusk:**

Vedtak om bortvisning frå prøve/annullering av prøve er eit forvaltningsvedtak, og kan såleis påklagast.

Lærar som er vakt under prøva, seier ifrå til eleven at han/ho er mistenkt for fusk eller forsøk på fusk. Eleven får likevel gjere ferdig og levere inn prøva, dersom eleven ønskjer det. Etter at prøva er over, gjer læraren (vakta) eit skriftleg notat av det som har skjedd, og melder ifrå til rektor/ass.rektor og ev. faglærer. Faglærer rettar prøva på ordinær måte, utan å gjere karakteren kjent for eleven. Karakteren blir annullert/gjort kjent dersom rektor sitt vedtak om slik annullering blir ståande/omgjort ved anke.

Rektor kallar eleven inn til forklaring. Dersom eleven vedgår fusk/forsøk på fusk, eller rektor finn det bevist at eleven har fuska/gjort forsøk på fusk, gjer rektor vedtak om at prøva blir annullert, og at eleven skal illeggast refs. Eleven får og merknader som blir med i vurderinga ved fastsetting av åtferd-karakter, jfr. føresegner til opplæringslova, §4-25.

**17)** Til §24, bokstav b og c.: Ved fastsetting av karakteren/karakterane i orden og/eller åtferd, må det nyttast eit visst skjønn, ei heilskapeleg vurdering. Men som ei rettleiande norm, kan ein nytte følgjande:

**God:** Vg1 og Vg2: Eleven har normal orden og åtferd og har i terminen færre enn 5 mindre alvorlege meknader i orden og færre enn 5 mindre alvorlege meknader i åtferd. Vk2: Eleven har normal orden og åtferd og samla færre enn 7 mindre alvorlege meknader i terminen.

**Nokså god:** Vg1 og Vg2: Eleven har avvik frå normal orden og har meir enn 5-7 mindre alvorlege merknader og/eller meir enn 1 alvorleg merknad i terminen. Eleven har avvik frå normal åtferd og har meir enn 5-7 mindre alvorlege merknader og/eller meir enn 1 alvorleg merknad i terminen. Vk2: Eleven har avvik frå normal orden og åtferd og har samla meir enn 7-9 mindre alvorlege merknader, og/eller meir enn 1 alvorleg merknad i terminen.

**Lite god:** Vg1 og Vg2: Eleven har store avvik frå normal orden og har meir enn 13-15 mindre alvorlege merknader, og/eller meir enn 2 alvorleg merknader i terminen. Eleven har store avvik frå normal åtferd og har meir enn 13-15 mindre alvorlege merknader, og/eller meir enn 2 alvorleg merknader i terminen. Vk2: Eleven har store avvik frå normal orden og åtferd og har samla meir enn 15-18 mindre alvorlege merknader, og/eller meir enn 2 alvorleg merknader i terminen.

**18)** Til § 25, bokstav e: Berre refsingstiltak som går fram ordensreglementet, kan brukast. Regelen krev ikkje nokon omstendelege prosedyre for munnleg irrettesetting frå læraren/tilsett. Det er ein føresetnad at hovudprinsippet om eleven sin rett til å forklare seg er sikra gjennom den utvekslinga av synspunkt som har skjedd før ei munnleg irrettesetjing.

**19)** Til §25, bokstav f: Regelen gir heimel for bortvising som følgje av alvorlege brot på ordensreglementet. Skulen har plikt til å prøve å hjelpe eleven før bortvising. Ein gjer spesielt merksam på at vedtak om bortvising og vedtak om tap av elevrettar er to forskjellige vedtak fatta av to ulike instansar.

Bortvising skal i utgangspunktet ikkje brukast dersom det er mogleg med andre løysingar. Bortvising kan berre brukast for tilhøve som er knytt til status som elev og skal ikkje brukast for tilhøve utanfor skulen med mindre det er fare for bruk av fysisk vald mot medelevar, andre elevar eller skulen sitt personale. Aktivitetar knytt til t.d. russefeiring der det er fare for bruk av fysisk vald eller grov sjikane av andre skuleungdommar, kan derfor føre til vedtak om bortvising.

Det er ikkje nok for vedtak om bortvising at eit tilhøve er meldt til politiet som eit straffbart forhold. Ved skade o.l. som blir gjort under skyss til og frå skulen, vil det bli vurdert å krevje erstatning.

Vedtak om bortvising inntil fem dagar, blir gjort av rektor. Klageinstans er fylkesutvalet.

Vedtak om bortvising for resten av skuleåret, blir gjort av fylkesutdanningsjefen. Klageinstans er fylkesutvalet.

Vedtak om tap av retten til vidaregåande opplæring, blir gjort av utdanningsutvalet. Klageinstans er Statens Utdanningskontor.

**20)** Til §26, bokstav a: Vedtak om bortvising er enkeltvedtak etter forvaltningslova, og rektor skal sjå til at saka er så godt klårgjort som mogleg før vedtak blir fatta. Det er viktig at all dokumentasjon er skriftleg. Munnlege uttaler som blir tillagt vekt ved avgjerda, må bli nedteikna.

- Eleven og evt. foreldre/føresette/annan fullmektig skal få høve til å uttale seg.
- For framandspråklege med manglande kunnskapar i norsk, bør rektor sjå til at foreldre/føresette har kunna gjere seg kjende med innhaldet.
- Rektor må byggje si avgjerd på uttale (skriftleg og/eller munnleg) frå eleven, for umyndige frå foreldre/føresette, og eventuelt frå fullmektig.
- Kontaktlærer, rådgjevar og eventuelt faglæra(ar) eller andre involverte, skal gi uttale før avgjerd vert fatta.

Som rettesnor for sakshandsaminga skal ein følgje slik prosedyre:

- Skriftleg utgreiing frå faglæra(ar)
- Tilråding frå gruppelærarråd
- Uttale frå eleven
- Tilråding frå rektor både når det gjeld bortvising og eventuell elevstatus (bortvising ut over 5 dagar)

Denne dokumentasjonen blir lagt til den instansen som fattar avgjerd.

Elev og foreldre/føresette er kjent med Haram vidaregåande skule sitt ordensreglement skuleåret 2007/2008.

---

stad og dato	elevnamn	gruppe	eleven si underskrift
--------------	----------	--------	-----------------------

---

stad og dato	namn foreldre/føresette	foreldre/føresette si underskrift
--------------	-------------------------	-----------------------------------